

Innspel til søknaden om regulering av Storavatnet på Stord

Bydelsbloggarane vil i denne høyringsuttalen forholde seg til det som Erko settefisk as søker om. I tillegg vil me visa at det dei søker om å gjera er i strid med intensjonane i vassbruksplanen og det det sjølv seier til media at dei har tenkt å gjera. Erko settefisk bør få avslag på søknaden sin fordi den er full av faktafeil. Dei bør difor trekka tilbake søknaden sin, og heller søkja om det dei seier at dei har tenkt til å gjera. I tillegg bør dei dokumentera påstandane sine eller fjerna reine faktafeil, (td at Storavatnet har liten verdi for brukarar/friluftssinteresser). Først då kan me ta dei seriøst og gå i dialog med dei.

Pedersen sa på informasjonsmøte i Heishuset på Litlabø den 10. 09 at det var uaktuelt å senda inn ny søknad. I tillegg såg det ut som at han ikkje hadde oversikt over kva dei eigentleg hadde søkt om. Dette opplever me som svært useriøst.

Me er einige i det som leiaren i Bladet Sunnhordland seier: Bygdefolket fryktar følgjene på det som er ei verkeleg friluftssperle på Stordøya. Ein bør heller ikkje ta alle råda frå «ekspertane», i dette tilfellet firmaet Rådgivende Biologer AS, for god fisk. Det har diverre vist seg opp gjennom åra at slike ekspertuttalar ofte er farga av kven som betalar for dei. Difor er det all grunn til å vera på vakt.

<http://www.sunnhordland.no/article/20130917/LEIAR/130919832>

Gjennom heile søknaden prøver Rådgivande biologar/Erko settefisk å nedvurdera kor mykje Storavatnet betyr for folk som bur rundt vatnet. Dette er ganske provoserande når ein veit at **strandsona i Storavatnet i Hordaland Fylkeskommune si kartlegging av viktige friluftsområde i Hordaland vert kategorisert som svært viktig, og av høgaste verdi:**

http://bydelsbloggen.blogspot.no/?view=magazine#!/2013/09/blog-post_2308.html

Vassbruksplanen seier i punkt 3.2.4 Badeplassar

Badeplassar finn ein kring heile vatnet: Buneset, Nyseterneset, Vaskeriplanen, Båtvikjo, Osalopet, Vassenden Nord, Vassenden Sør, Buvikjo og Sandvikjo er dei mest kjende.

Det er mykje folk som bur i nærleiken til Storavatnet og dei mange badeplassane vert hyppig nytta. Næringsmiddeltilsynet føreteik nærast årleg

overvaking av vasskvaliteten ved badeplassane ved Fletaneset og Vaskeriplanet.

Bladet Sunnhordland skreiv i sommar at alle målingar som blant anna blei gjort i Storavatnet var veldig fine.

<http://www.sunnhordland.no/article/20130809/NYHENDE/130809808>

Likevel kan ein lesa i søknaden at: *"Det er også noen badeplasser i de vestre delene av Storavatnet, men at vannkvaliteten her har periodevis vært dårlig grunnet høyt tarmbakterieinnhold".*

Vår kommentar:

Kvifor nemner dei berre 2 badeplassar, når vassbruksplanen snakkar om 9 av strendene som dei mest kjende?

Kva periodar snakkar dei eigentleg om? (I følgje kommunelegen har målingane vore fine i mange år).

Naturleg variasjonar

– *Dei skriv i søknaden at dei vil kunna regulera vatnet med 50 cm innanfor normal variasjon. Ein av naboane har budd heile livet ved Storavatnet, og i følgje han er det ikkje så stor variasjon her. På det meste varierer det med rundt 30 cm, seier Gunnar Litlabø.*

<http://www.sunnhordland.no/article/20130910/NYHENDE/130919957>

Bydelsbloggarane har fleire spørsmål:

Vert isen mindre trygg om vinteren?

Vil det vera farlegare å gå på skeiser om vinteren, dersom vatnet blir regulert?

Risikerer me evjelukt og langgrunne, gjørmete badestrender?

Risikerer me å få 3 relativt små vatn, i staden for eit stort, i periodar med lite nedbør? Dette vil i så fall redusera verdien av Kano, Kajakpadling og roing i vatnet. Bydelsbloggen vil i næraste framtid tilby gratis kanoutleige i Storavatnet. Det er langt ned mange dugnadstimar for å få dette til, men det blir ikkje så attraktivt dersom vatnet vert regulert.

Knurrøysundet er etter vår meining ein av dei finaste padleplassane i Storavatnet. Risikerer me å bli utestengt frå dette området grunna lite vatn i dei tørraste periodane? Det er ikkje nok at «det sildrar» vatn gjennom sundet, slik som enkelte politikarar ber om i sin uttale. *Eit minimum må vera at det alltid er nok vatn til å kunna padla og ro gjennom sundet.*

Kulturminne

Sagvåg er bygd opp kring sagbruksdrifta, som har vore i området sidan 1500-talet, elva, oppgangssaga, kornmølla og restane av kisutskipings-anlegget utgjør ei geografisk samling av næringsfunksjonar som er eineståande (Stord kommune 2003). Deler av området er verna som spesialområde etter Plan- og bygningslova. (punkt 3.2.6 i Vassbruksplanen).

Ledningen skal legges med inntak omtrent 650 meter inne i Storavatnet, føres til sjø i **en 130 meter lang grøft parallelt med utløpselven**, og legges så i sjø gjennom Sagvåg omtrent 900 meter fram til anlegget. Ledningens totale lengde er på omtrent nesten 1700 og den er planlagt med en dimensjon på 630 mm PEH, hvilket gir en kapasitet på inntil **20 m³/min.** (side 7 i søknaden).

<http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/200702715-26-1358488.pdf>

Haugesunds avis 28.8.2013: – Hvordan vil dere legge vannledningen forbi den eldgamle sagen i Sagvågselva. Må dere sprengne dere ned?– Nei, det skal ikke brukes noe dynamitt, sier Pedersen.

Kommentar:

Er det mulig å grava i stein?

Er det jord nok til å grava ned ein 60 cm brei leidning der, samt ein mindre slange?

Det er fare for store inngrep i eit spesielt verneverdig område som er rikt på kulturminne:

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/search?q=hustredalen#!/2013/09/skepsis-til-inngrep-i-verneverdig-omrade.html>

Sagvågselva

"Me har ikkje søkt om oppdemming, men skal berre ha ein slange inn i vatnet og ta det vatnet me har fått lov til å ta av Norges vassdrags- og energidirektorat," seier han.

<http://www.sunnhordland.no>

Søknaden seier derimot dette:

Vassdragsanlegg

.....Det planlegges etablert en 0,5 m høy reguleringsterskel ved utløpet av Storavatnet som skal holde vannstanden i Storavatnet tilsvarende dagens flomvannstand, som er omtrent 0,5 m over laveste normalvannstand. Dette sikrer at anlegget kan nyttiggjøre seg et magasin på til sammen 0,8 mill m³. I terskelen etableres mulighet for slipp av minstevannføring til utløpselven.

Ingen av de omsøkte elementene i vassdragsanlegget er etablert. [Side 9 i søknaden NVE-saksdokument](#)

Konsekvensane av evt. toppdemming kan føra til store konsekvensar for til dømes turstien i Hustrudalen og motocrossklubben som held til der.

Fiskebestand.

I vatnet er det hovudsakleg aure, men det er også fanga sjøaure og observert laks. Det er mykje ål, men også stingsild finst i vassdraget (Vidar Lillevik pers. medd). Rådgjevande Biologar (2002) vurderar Sagelva som lite egna for oppgang av mindre fisk, men at det kan tenkjast at større fisk kan komme seg opp her.

Lokalkjende fiskarar seier at det er kjent at sjøaure går opp Sagelva og vidare opp vassdraget. Det er uvisst om vassdraget har hatt eiga laksestamme tidlegare, men truleg kjem laks (både villaks og oppdrettslaks) også i dag, opp Sagelva. Ein har m.a. fått både sjøaure og oppdrettslaks på garn i Storavatnet.

Undersøkinga frå Rådgjevande Biologar (Urdal og Johnsen 2002) når det gjeld storleiken på fiskebestanden, samsvarar lite med det som Stord Jeger og Fiskeforening (SJFF) har av data frå Storavatnet. Rådgjevande Biologar tilrår eit fiske på 450 kg/per år, mens SJFF har fiska om lag 800 kg/per år i ei årrekkje.

SJFF sine tal er i samsvar med Fylkesmannen sine data. SJFF

meiner bestadsestimatane frå Rådgivande Biologar ikkje er representable for fiskebestanden i Storavatnet, då prøvefiskinga vart føreteke på dei dårlegaste fiskelokalitetane i vatnet.

Kommentar: Minstevassføringa i elva skal vera 0.05 m³/min. Korleis kan Pedersen då hevda at det er minimalt med vatn som skal tappast? Samanlikna med kapasiteten til leidningane kan ein vell heller sei at det er forsvinnande lite minstevassføring i elva?

Han fortel at det vatnet dei kjem til å bruka vil vera så lite at det sannsynlegvis ikkje kjem til å merkast.

– Kor mykje skal de tappa?

– Det er heilt avhengig av kor mykje det er behov for, men det er forsvinnande lite.

<http://www.sunnhordland.no/article/20130901/NYHENDE/130909980>

Kommentar: Korleis skal fisken koma seg opp i framtida dersom det knapt nok blir vatn igjen i Sagvågselva? Sjå bilde av Laks på 2.2 kg som er fanga i Storavatnet, samt ein liten villaks .

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/?view=magazine#!/2013/09/laks-pa-22-kg-fra-storavatnet-korleis.html>

Hustrudalen

Stord Motorcrossklubb investerer millioner i nytt baneanlegg. De frykter Storavatnet vil flomme over dem. Ved stor nedbør, stiger vannet allerede over veien. Da er det ikke mer å gå på. det kommer inn til oss, sier Ronny Veum, anleggsansvarlig i Stord Motorcrossklubb.

Stord Motorcrossklubb har holdt til i Hustrudalen siden 1990 og bruker den gruslagte turveien langs vannet som tilførselsvei. De siste årene har de utvidet aktiviteten med ny bane for de minste crosskjørerne og oppgradert hovedbanen til en B-godkjent bane.

– Bare utbyggingen av hovedbanen koster tre millioner, sier Veum.

<http://www.h-avis.no/nyheter/frykter-turveien-blir-vannveien-1.8050889>

Lysløypa i Hustrudalen er mykje nytta.

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/search?q=hustredalen#!/2013/05/hustrudalen-rdkleiv-ca-3.html>

Ferdig pris var ca 2,35 millionar kroner. Me har fått 700.000 kroner i tippemidlar, resten er det kommunen og kraftlaget som skyt inn, seier Sylve Rusten, ansvarleg for idrett og friluftsliv i Stord kommune.

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/search?q=hustredalen#!/2012/09/asbjrn-tverdal-t.html>

Dersom vassstanden vert heva, risikerer ein at store deler av vegen vert ståande under vatn. Korleis kan då Erko Settefisk hevda at dei ikkje treng avbøtande tiltak?

Storavatnet er ei perle stadig fleire får augene opp for, og tek i bruk:

<http://bydelsbloggen.blogspot.no/search?q=hustredalen#!/2013/03/byggjer-bruer-for-auka-trivsel-me-som.html>

Det er lagt ned veldig mange dugnadstimar for at stadig fleire skal få gleda av å oppleve kvalitetane med vatnet og området rundt, og det ville vore veldig synd dersom ein ikkje tok omsyn til det store engasjementet til lokalbefolkninga har vist, blant anna gjennom dugnadane til Bydelsbloggarane (gratis kanoutleige, natursti, møteplassar i naturen/rastebenkar, bålhus, .

Samhandlingsreforma, som gjeld for alle kommunar, peikar på betring av folkehelsa er ei svært god investering; «forebygga framfor å reparera». «Folk vil også merke mer fokus på helsefremmende arbeid i nærmiljøet».

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/kampanjer/samhandling/om-samhandlingsreformen/samhandlingsreformen-i-kortversjon.html?id=650137>

Det er viktig at både folkehelsa og offentleg forvaltning blir tatt på alvor.

Det er vanskeleg å forholde seg til eit firma som hevdar at dei søker om noko heilt anna enn det som står i søknaden. Eg håpar og trur at NVE vil avvise søknaden og oppmoda Erko settefisk om å senda inn ein ny søknaden når dei faktisk veit kva dei vil, og at dei då søker om det dei faktisk har tenkt å gjera. Først då er det mogleg å ta dei seriøst, slik at ein kan få eit konstruktivt samarbeid til beste for alle☺.

Mvh Lena B Ask, på vegne av Bydelsbloggarane